

Kjekt på Røde Kors-leir

Tre jenter frå Stryn deltok i **Røde Kors Ungdom** sin sommarleir på Utøya, og fortel om ei kjempekjekk oppleving.

Geir Nybø
redaksjon@fjordingen.no

– Dette har vore utruleg kjekt. Mykje positiv ungdom, og landsleiren 2010 kan berre oppsummerast som kjempekjekk, seier Camilla Strand Sunde, Margrete Loen Flo og Birgitte Navelsaker Kjørslevik.

Sogn og Fjordane stilte med heile 19 av dei til saman 250 deltakarane under **Røde Kors Ungdom** sin sommarleir på Utøya - utanfor Hønefoss førre veka. Arrangementet varte frå onsdag til søndag, og Sogn og Fjordane sette opp eigen buss til og frå arrangementet. Flest deltakarar var det Høyanger som hadde, men frå fylket var det med ungdommar frå Viksdalen, Luster, Stryn, Vågsøy, Høyanger, Svelgen og Førde.

Under arrangementet var det ulike «workshop» der ungdommane fekk innføring i kva Røde Kors driv med. Landsleiren er eit arrangement som er open for både nye og meir erfarne Røde Kors Medlemmar. Ungdomsorganisasjonen omfattar ungdom frå 13 til 30 år, slik at det var god breidde på deltakarane under sommarleiren.

Mollekleiv og Brende

Både president Sven Mollekleiv og generalsekretær Børge Brende tok turen for å hade føredrag og vere saman med ungdomane,



Camilla Strand Sunde, Margrete Loen Flo og Birgitte Navelsaker Kjørslevik var med til årets landsleir for ungdommens Røde Kors på Utøya, og har berre godord å seie om leiren.

som representerer framtida for Røde Kors. Begge gjekk på overtid med føredraga sine, slik at langgangsfløyen (ja, det er ein gamal militær langgangsbåt) – som trafikkerer mellom fastlandet og Utøya – vart forseinka. Derfor må ein kunne tru at både Mollekleiv og Brende likte seg saman med ungdommane.

Kombinert landsleir

Røde Kors ungdom hadde førre landsleir for to år sidan. Ungdomsorganisasjonen valde altså i år å legge leiren til Utøya. Utøya er kjend frå Arbeiderpartiets Ungdomsleirar, sidan det er Ap som både eig og driv staden. Røde Kors har ingen politisk tilknytning, og hadde lagt landsleiren ut på anbod, der Utøya

kom best ut. Landsleiren var både sommarleir med bading og moro, ballspel, kortspel og sosiale aktivitetar, men til saman 77 delegatar frå alle landets fylke kom også til Utøya for å velje nytt styre i **Røde Kors Ungdom**.

Telt frå Olden

Under ein slik leir bur deltakarane i telt. I år var det telt tilhøyrande Hyllestad, Olden og Førde, alle 6 mannstelt/lavo – med opning i taket slik at det kan fyrast i dei. Med strålende sol og nokre dagar med nærare 30 grader i skuggen, vart det heldigvis ikkje trong for å fyre under årets sommarleir.

52 speidarar frå Stryn til landsleir

Stryn KFUK-KFUM -speidarar delte i år med over 50 speidarar på landleir på Lista. Over 5.000 speidarar frå inn- og utland møttest der, og gruppa frå Stryn skal som vanleg vere vertskap for ei gruppe frå utlandet, denne gongen frå Ukraina. Leirbyen skal byggast på den nedlagde flystasjonen på Lista.

Landsleiren heiter «Grøn action», og er Norges fyrste miljøsertifiserte landsleir. Det inneber mellom anna at det blir streng kjeldesortering på leiren, forbod

mot eingongsutstyr, fokus på alternativ energi og ein eigen «grøn dag». Landsleiren er høgdepunktet for speidarane dette året, og patruljene gler seg stort.

Når speidarane er på leir bur dei i telt, lagar mat sjølve og deltek i utandørs aktivitetar heile veka. Eitt heilt døgn er dei på «haik», det vil seie at dei går ein tur i terrenget og overnattar under open himmel. Dette er kanskje det mest spennande døgnnet på heile leiren. Det står att å sjå om nokon frå Stryn får oppfylt

ønsket sitt om å dra på dressin-haik.

Leiren varer i tida 3. til 10. juli, og veka er fylt med engasjerande aktivitetar som ein ikkje finn maken til i andre samanhengar. Kwart fjerde år er det speidarlandsleir, og dette er ei veka både yngre og eldre ser fram til med stor forventning.

Henny Koppen gruppeleiar



Speidarar frå Stryn klare for landsleir.

Nyheit:

avis + nett

Alle stillingsannonser som tingast hos oss vert òg lagt ut på nett - utan tillegg i prisen.



Denne ligg på nettsidene til Fjordenes Tidende, Firda Tidend, Fjordabladet og Fjordingen.

For meir info, kontakt oss:
Therese,
tlf. 57 84 90 27
eller Rune,
tlf. 57 84 90 26



Nordfjord **samkøyringa**
www.nordfjordsamkoyringa.com